



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Ekstrahjelp ved Frekhaug legesenter

### Stillingsinformasjon

Frekhaug legesenter har behov for ekstrahjelp ved sjukdom, permisjonar og ferie. Både planlagd og på kort varsel. Det vert søkt etter helsesekretær, sjukepleiar eller anna relevant autorisert helsepersonell.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidet er i hovudsak ved Frekhaug legesenter. Spannande oppgåver i eit triveleg arbeidsmiljø.

Arbeidet er varierande med publikumsmottak i luke og telefon, laboratorietenester, assistanse for legane mv.

### Kvalifikasjonskrav

Det er krav om autorisasjon som helsepersonell.

Det er krav om gode norskkunnskapar skriftleg og munnleg.

Evne til fleksibilitet og samarbeid vert tillagt stor vekt.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 30.12.2018

Utlyst dato 12.12.2018

Vårref

99/18

### Kontaktperson

Tord A Lappen Moltumyr, Kommuneoverlege/helsesjef, tlf: 56171120, tord.moltumyr@meland.kommune.no

Mona Kvalheim, Driftsleiar/leiande helsesekretær, tlf: 56171120, mona.kvalheim@meland.kommune.no